



PETROLEUMSTILSYNET

Gassco AS
Postboks 93

5501 Haugesund

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
D-100093388

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2022/1927/TES

Dato
22.05.2023

Samtykke til å gjennomføre modifikasjon på Heimdalfeltet, Heimdal stigerøyrplattform omløpsprosjekt

Vi viser til dykkar søknad om samtykke til å gjennomføre modifikasjon på Heimdalfeltet, Heimdal stigerøyrplattform omløpsprosjekt.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 tredje ledd bokstav b blir de gitt samtykke til å gjennomføre modifikasjon av gasstransportsystema som er knytt til Heimdalinnretningane. Samtykket blir mellom anna gitt på bakgrunn av dokumentasjonen som er send inn i samband med søknaden.

Vi koordinerer handsaminga av søknaden om samtykke, sjå rettleiinga til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagd fram for Miljødirektoratet og Statsforvaltaren i Rogaland. Ingen av etatane har kommentarar til at samtykke blir gitt. Deira uttale følgjer av eigne vedlagde brev.

Det kan klagast på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå de mottek dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærare opplysningar om klageretten kan de få hjå oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for dei tillitsvalde for arbeidstakarane, mellom anna verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Arild Anfinsen e.f.
tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har difor ingen signatur

Vedlegg: Uttale frå Miljødirektoratet, Tilbakemelding frå Statsforvaltaren i Rogaland